



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/770-2

Sakshandsamar: Jan Olav Hemsing

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst, kultur og idretts utval	04.11.2025	
Kommunestyre	11.12.2025	

Søknad om støtte til langturen ved Åmdals Verk gruver

Saksframlegg godkjent 27.10.2025.

Knut Erik Paulsen

kommunalsjef plan, næring og kultur

Vedlegg

- 1 Søknadsbrev Tokke kommune 260525.pdf
- 2 Prosjektskildring Langturen AVG mai 2025.pdf
- 3 Rapport synfaring Åmdals Verk gruver 2021.pdf

Bakgrunn for saka

Vest-Telemark museum søker om 200 000 kr i stønad frå Tokke kommune til utviding av dagens gåtur i besøksgruva med Åmdals Verk. «Langturen» går gjennom gruva frå Brårjordstulen til Crosscut og attende til museet langs elva. Målet med å opne «langturen» er å gje besøkjande ei sterk oppleving av eit historisk gruvemiljø. Utvidinga gjev tilgang til formidling kring gruvegravingsteknikkar frå mellomalderen, tur opp trappene i Abelsjakt og den intakte storheisen. På utsida kan ein oppleve røyrgata ned til kompressorhuset, Noregs første kompressorverk, og på turen attende til museet passere fleire kulturminne.

Grunna tryggleik og sikring har ikkje turen vore open sidan 1990-talet, Prosjektet skal gjennomføre omfattande sikringstiltak basert på befaringar gjort i 2014 og 2021. Avtala med direktoratet for mineralforvaltning blei oppdatert i 2024 slik at det er rom for utvidinga omtala i vedlegget «prosjektskildring Langturen».

Foreininga Åmdals Verk gruver har sidan 1970-talet arbeida med bevaring og formidling av det historiske gruvemiljøet ved Åmdals Verk. Museumsanlegget ved Åmdals Verk består i

dag av fleire bygg, utstillingar, kulturminneløyper, barnegrave og høve til guida tur inn i fjellet. Foreininga eig alle fasilitetar ved gruvemuseet utanom gruva som er i statleg eige.

Totalbudsjettet for prosjektet er på 2 112 000 kr, Vest-Telemark museum søker Tokke kommune om 200 000 kr for å få fullfinansiert prosjektet.

Saksutgreiing

Prosjektet har eit realistisk budsjett og finansieringsplan, store delar av budsjettet går med til å gjere langturen trygg. Sikringstiltak, belysning og kommunikasjon i gruva er dei største utgiftspostane.

Prosjektet langturen er i tråd med fleire av måla i samfunnsdelen av kommuneplanen. Styringsdokumentet gjev retning for satsingane til Tokke kommune, til dømes er utviklinga av kulturarv og etablerte kulturattraksjonar ei satsing innanfor reiseliv. Dette, saman med ei rekkje andre prosjekt Tokke kommune støttar og har støtta ved Åmdals Verk dei siste åra gjer plassen attraktiv både for Tokkebuarar og besøkande til kommunen.

Sett i samanheng med prosjektet Crosscut og måla for stadutviklingsprosjektet 59* nord vil området få ei positiv utvikling og ynskja ringverknadar for større delar av Tokke kommune med auka attraktivitet og turisme.

Rapporten «Det nasjonale museumsnettverket» frå kulturdirektoratet syner at besøkstala til museum i Noreg no har henta seg inn etter den kraftige nedgangen i 2020, med det høgaste besøket dei siste 10 åra i 2024. Samstundes peiker rapporten på at geografisk plassering, tilgjengelegheit og kringliggande infrastruktur har verknad på besøkstala. Sjølv om desse faktorane ikkje er ideelle har framleis Vest-Telemark museum godt med besøk. Statistikk frå museumsforbundet syner at museet tilsaman fekk 62 414 besøkande i 2024, dette er tett oppi kva Henie Onstad kunstsenter rapporterte same året, og fleire en t.d. Hardanger og Voss museum og musea i sogn og fjordane. Tala syner at museet har mange potensielle vitjande som kan ta turen innom alle dei varierte tilboda til museet, inkludert gruvane i Åmdals Verk. Dei gode besøkstala til museet gjev positiv ringverknad for andre næringsdrivande i Tokke kommune.

Langturen ved Gruvane i Åmdals Verk har fått stønad frå sparebankstiftinga, UNI-stiftinga og Skafså kraftverk og ventar på svar på søknaden til statkraft og Tokke kommune.

Konklusjon

Langturen ved Åmdals Verk gruver gjev Vest-Telemark museum tilgang til djupare formidling kring Åmdals Verk og Tokkes langstrakte og unike kultur og industrihistorie. Stønaden til prosjektet vil være ei god investering i ein viktig kulturinstitusjon og lokal reiselivsnæring, og ha potensialet til å bidra til auka turisme i regionen.

Kommunedirektørens tilråding

1. Tokke kommune støttar Vest-Telemark museum med 200 000 kr til prosjektet langturen ved Åmdals Verk gruver
2. Stønaden utbetalast frå disposisjonsfondet når prosjektet er fullfinansiert.